

SAKSPROTOKOLL

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 12.05.2015:

Bygningar som er freda eller verna etter lov om kulturminner vert gjeve fritak.

For bygningar som ikkje er verna eller freda kan det vera grunnlag for å fritta bygningen/eigedomen frå eigedomsskatt (heilt eller delvis) etter søknad og med nødvendig dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune (kulturminnemynde).

Bygningar som kommunen sjølv har regulert til bevaring etter plan- og byningslova i for eksempel ein reguleringsplan, kommunedelplan eller kulturminneplan kan heilt eller delvis fritakast frå eigedomsskatt etter søknad.

Følgjande vilkår gjeld:

- Fritaket skal også gjelda for grunnverdien. Skulle eit bygg som vert fritaken stå på ein større grunneigedom, må det vera grunnlag for å sei at det bevaringsverdige/freda bygget med for eksempel eitt mål tomt skal fritakast, jf. ”heilt eller delvis fritta”. Der- som det på same tomt (same gnr/bnr) står to bygg, der eitt er bevaringsverdige/freda, må fritaket kun gjelda det bygget (med noko tomtegrunn) som er bevaringsverdige/freda.
- Bygningane må være godt vedlikehalde dersom eigedommen skal fritakast for eigedomsskatt. Det må ikkje være utført til dømes fasademessige arbeid som ikkje er anbefalt av fylkeskommunen eller liknande fagmynde.
- Bygningane som skal fritakast må ha ei allmenn interesse med omsyn til bevaring